



Fiskeri- og Kystdepatementet  
Pb. 8118 Deo  
0032 OSLO



<b>Referanse</b>	<b>Saksbehandlar</b>	<b>Direkte telefonnr.</b>	<b>Dato</b>
11/877 - JP 11/4733	TBR	57 78 20 02	23.06.2011

## Høyringsuttale om Gullestadutvalet

Formannskapet i Gulen handsama høyringsuttale til Gullestadutvalet i møte 12.05.2011, og vedtok samrøystes å sende følgjande:

## **Gulen kommune sin høyringsuttale til Gullestad-utvalet sin rapport: "Om effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringa"**

### **Produksjonssonar**

*Det strategiske hovedgrepet i rapporten er å dele landet inn i produksjonsområder. Innanfor desse skal det vere utsett-soner med 2 års-syklusar, og kvar oppdrettar skal ha min. 4 utsettssonar til rådvælde.*

*Sogn og Fjordane er foreslått som ei produksjonssone. Rapporten har vel så mykje utgangspunkt i korleis ein skal auke produksjonen i næringa, som korleis ein skal få bukt med sjukdom og lakselusproblem. Det er overraskande lite fagleg dokumentasjon som ligg til grunn for framlegga til tiltak.*

*For oss verkar det som om dette framlegget vil legge opp til meir flytting av fisk, utan at det er godt nok klarlagt at det vil betre sjukdomssituasjonen. Det vil også føre til auka press på utlegging av nye lokalitetar.*

*Rapporten legg ikkje opp til å hindre lang transport av slaktefisk. Vi meiner det er ein vesentleg del av smittespreiinga, og at ei eventuell innføring av produksjonsområder sjølvstapt også må gjelde for slakteri-delen av oppdrettsverksemda.*

### **Små og mellomstore oppdrettarar og lokal tilknytning**

*Det er ei klar svekking av framlegg til tiltak at det er best tilpassa dei store oppdrettarane, og slik sett vil arbeide for ei endå sterkare strukturendring innan*

*oppdrett. Det er lite tilfredsstillande for lokal tilknytning og for kommunane si interesse for å legge til rette for denne næringa.*

*Rapporten seier rett ut at dei små oppdrettarane vil få store utfordringar, og må finne fram til samdrift og samlokalisering for å klare denne omstillinga.*

*Dei store selskapa har lokalitetar spreidd over fleire produksjonsområder, og vil såleis kunne tilpasse seg det nye foreslåtte regimet på ein mykje lettare måte enn lokalt baserte oppdrettarar som har lokalitetane avgrensa til ein eller to-tre kommunar.*

*Vi finn grunn til å spørje om det er rett at sjukdomsproblema, som først og fremst er knytt til store anlegg og tett lokalisering, skal råke hardast dei som har drive meir fornuftig og i ein skala der kontrollen med både sjukdom og lus er betre.*

*Som kommune stilte vi oss det samme spørsmålet når oppdrettarar i Hordaland fekk tildelt fleire nye konsesjonar enn Sogn og Fjordane, for deretter å kome til våre områder for å få lokalitetar fordi det var for lite lokalitetar i Hordaland.*

*Gulen kommune meiner det er lite interessant å legge til rette for gode oppdrettslokalitetar og bandlegge sjøareal, dersom næringa ikkje har lokal tilknytning. Aller helst i form av at bedrifta har lokalt tilhøyre, men også i form av arbeidsplassar, deltaking i lokal nærings- og samfunnsutvikling. Det er også tatt til orde for arealavgift for lokalitetar. Vi trur det vil vere avgjerande, dersom dei overståande tilknytningane ikkje er til stades. Det er liten grunn for ein kommune å legge til rette for oppdrettslokalitetar, ofte på tvers av lokal folkevilje, dersom fellesskapet lokalt ikkje får igjen for det.*

## **Sogn og Fjordane som referanse-område**


*Gulen kommune meiner Sogn og Fjordane er eit fylke med relativt mange små og mellomstore aktørar i næringa. Det er større avstand mellom anlegga, og ein relativt god sjukdomssituasjon. Vi meiner det ville vore av interesse å bruke Sogn og Fjordane som eit referanse-området i forhold til dei endringane som vert føreslått av Gullestad-utvalet. Dersom oppdrett innan Sogn og Fjordane produksjonsområde kunne vise til like gode resultat som i andre produksjonsområde fram i tid, så ville det vere viktig kunnskap i vidare arbeid og utvikling av næringa.*

## **Konklusjon**

- Gullestad-utvalet sine forslag er best tilpassa dei største oppdrettarane, og er såleis ikkje gunstig for våre forhold, for å halde fast på lokalt tilknytning, og for å sikre areal til næringa.
- Det er sjølvmotseiande å dele inn i produksjonssonar, utan at dette også skal vere gjeldande for frakting av fisk, td til slakteri.

- Utvalet bygger i for liten grad på forskning. Det er derfor trong for å ha referanseområde til dei endringane som eventuelt vert gjort. Sogn og Fjordane, med sin struktur, er godt eigna til å verte eit referanseområde.

Med helsing



Trude Brosvik  
Ordfører